



Arkivnr: 2015/4446-20

Saksbehandlar: Ronny Skaar

**Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		24.05.2018
Fylkesutvalet		31.05.2018
Fylkestinget		12.06.2018

**Sentralbadet scenekunsthus. Medverknad frå Hordaland fylkeskommune****Samandrag**

Carte Blanche er Noregs nasjonale kompani for samtidsdans. Hordaland fylkeskommune medverka sterkt til at Carte Blanche vart lokalisert til Bergen i 1989. CB er i dag eigd av staten, Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune. Hordaland fylkeskommune nemnar opp styreleiar. Det offentlege driftstilskotet er etter avtale og eigardel fordelt slik: Staten 70 %, Hordaland fylkeskommune 15 %, Bergen kommune 15 %. For 2018 er det løyvd kr 5.794.000 frå Hordaland fylkeskommune.

Grunnleggande sett har Hordaland fylkeskommune teke eit kulturpolitisk medansvar for Carte Blanche sidan flyttinga til Bergen, og må og vera budd på å medverka til gode arbeidsvilkår for kompaniet.

Framlegget frå fylkesrådmannen tek utgangspunkt i at Bergen kommune står som eigar og byggherre, og at Hordaland fylkeskommune gjev investeringstilskot fordelt på 20 år. Tomtekostnad (kr 75 millionar) er ikkje rekna med.

Hordaland fylkeskommune legg eigardelen i Carte Blanche (15 %) til grunn.

Fylkesrådmannen vil rá til at løyvinga for 2018 til lokale for Carte Blanche vert nytta til Sentralbadet scenekunsthus, og at det vidare vert løyvd kr 5 millionar kvart år i åra 2019 – 2038. Dette vil gje ei samla løyving (medrekna 2018) på kr 105 millionar. Løyvinga vert gitt til Bergen kommune som tek ansvaret som byggherre og eigar.

**Forslag til innstilling**

1. Avsetting på kr 5 millionar i budsjettet for 2018 til lokale for Carte Blanche vert nytta til Sentralbadet scenekunsthus.
2. Med etterhald om dekning i det enkelte årsbudsjett gjev Hordaland fylkeskommune tilsegn om løyving av ytterlegare kr 100 millionar fordele på 20 år frå og med 2019. Fylkesrådmannen må koma attende til dette i budsjettframlegget for 2019.
3. Det skal stillast vilkår om at bruk og føremål ikkje vert endra. Tilskotet står fast og skal ikkje aukast for endringar i kroneverdi, prosjektkostnader og innhald. Dersom investeringskostnadene vert lågare, kan tilskotet bli redusert.

4. Fylkestinget føreset at Hordaland fylkeskommune sitt tilskot til tiltaket vert gjeve som direkte tilskot til investeringa. Det skal ikkje seinare løvvast auka driftstilskot til leigetakarane som indirekte dekking av investeringa. Husleige for Carte Blanche og BIT Teatergarasjen må i det vidare berre bereknast på grunnlag av reelle forvaltnings-, drifts- og vedlikehaldskostnader, og i samsvar med institusjonane sin faktiske bruk av lokala. Dette prinsippet må også leggast til grunn for berekning av leigekostnader til eventuelle andre brukarar.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd  
kst. fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

Vedlegg

- 1 Rapport - revidert skisseprosjekt av Sentralbadet som Scenekunsthus
- 2 Vedlegg 1.1 - Romprogram Arealskjema Rev. Skisseprosjekt
- 3 Vedlegg 1.2 - Arkitekttegninger Rev skisseprosjekt
- 4 Sentralbadet Kalkyle EFU 27.04.17
- 5 Fremdriftsplan mars 2018

## Fylkesrådmannen, 14.05.2018

### Bakgrunn for saka

Carte Blanche er Noregs nasjonale kompani for samtidsskuespill. Hordaland fylkeskommune medverka sterkt til at Carte Blanche vart lokalisert til Bergen i 1989. CB er i dag eigd av staten, Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune. Hordaland fylkeskommune nemnar opp styreleiarar. Det offentlege driftstilskotet er etter avtale og eigardel fordelt slik: Staten 70 %, Hordaland fylkeskommune 15 %, Bergen kommune 15 %. For 2018 er det løyvd kr 5.794.000 frå Hordaland fylkeskommune.

Grunnleggande sett har Hordaland fylkeskommune teke eit kulturpolitisk medansvar for Carte Blanche sidan flyttinga til Bergen, og må og vera budd på å medverka til gode arbeidsvilkår for kompaniet.

BIT Teatergarasjen er eit programmerande teater som co-produiserar og presenterer norsk og internasjonal scenekunst med særleg vekt på internasjonale samarbeidsprosjekt. I tillegg arrangerast scenekunstbiennalane OKTOBERDANS og METEOR og arrangementsrekka PrøveRommet. BIT er ei stifting. Statstilskotet utgjer om lag 58 % av det offentlege driftstilskotet. Bergen kommune sin del er om lag 37 %, og Hordaland fylkeskommune sin del om lag 5 %. For 2018 er det løyvd kr 561.000 frå Hordaland fylkeskommune. BIT har sidan sanering av Neumann-bygget i 2008 vore utan faste lokalitetar for produksjon og framsyning.

Carte Blanche leiger i dag lokale i Studio Bergen. Avtalen går ut i 2020. Dei siste åra har det difor vore arbeidd med spørsmålet om ny lokalisering for kompaniet. Det er såleis naudsynt å finna nye lokale for CB i Bergen. Fylkesrådmannen ser dette som ein særskilt viktig kulturpolitisk oppgåve som Hordaland fylkeskommune må medverka til.

Sentralbadet i Bergen har peikt seg ut som eit potensielt lokale for ombygging til scenekunsthus for Carte Blanche og BIT Teatergarasjen. Bergen kommune har difor omgjort sitt opphavlege vedtak om sal av dette anlegget. I 2015 utgreidde ei administrativ arbeidsgruppe med representantar frå Kulturdepartementet, Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune spørsmålet om Sentralbadet kunne eigna seg. Etter dette vart det sett i gong arbeid med eit skisseprosjekt. Hordaland fylkeskommune gjorde vedtak om å finansiera skisseprosjektet saman med Bergen kommune, og fylkesrådmannen har såleis vore representert i styringsgruppa og prosjektgruppa.

### Vedtak i saka

Hordaland fylkeskommune har fatta følgjande vedtak:

- I sak 7/2016 fatta fylkesutvalet følgjande vedtak: Hordaland fylkeskommune stiller seg bak gjennomføringa av eit skisseprosjekt for Sentralbadet som skissert i saka.
2. Fylkesutvalet legg til grunn at fylkesrådmannen kjem attende til finansiering av skisseprosjektet når fordelinga av kostnadene er avklart.

### Saksprotokoll i fylkesutvalet - 08.12.2016

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak:

Fylkesutvalet løyver kr 2.250.000 til Bergen kommune som Hordaland fylkeskommune sin del av finansieringa av skisseprosjektet for Sentralbadet.

2. Disposisjonsfond 25699413 Kunsthush i Fartein Valens landskap, vert redusert med kr 2.250.000.
3. Løyvinga skal førast over budsjettpost 400.780.00.14500 – Kulturbygging med regionale funksjonar

På bakgrunn av søknad frå Bergen kommune, er det i budsjettavtale 7. juni om revidert nasjonalbudsjett gjort framlegg om investeringstilskot til tiltaket frå post 70 «Nasjonale kulturybygg». Regjeringa løyvde kr 10 millionar i 2017 med tilsegn om statleg bidrag i seinare budsjettår på inntil ein tredel av kostnadene, men avgrensa til kr 230 millionar. Dette er i samsvar med statleg praksis ved bruk av post 70. Stortinget fatta vedtak i saka 21. juni 2017.

I tilsegnet frå Staten er Bergen kommune gjeve ansvaret for fullfinansiering. Det er ikkje stilt krav til Hordaland fylkeskommune.

#### *Tilskotsordninga for nasjonale kulturybygg*

Tilskotsordninga for nasjonale kulturybygg er ei avsetting på statsbudsjettet. Ordninga vert handsama av Kulturdepartementet (post 70) og gjev statleg investeringstilskot til bygningar og lokale for institusjonar og tiltak som har ein nasjonal oppgåve, ein landsomfattande funksjon eller ein viktig landsdelsfunksjon. Byggeprosjekta skal dekka trøngen for forsvarleg areal, auka funksjonalitet, og/eller auka tryggleik gjennom planlegging, ombygging og/eller nybygg. Bygningane skal ha høg arkitektonisk kvalitet. Hovudregelen er at den statlige finansieringa ikkje skal overstiga 1/3 av det offentlege tilskotet. Den statlege delen bereknast på bakgrunn av godkjent, støtteverdig areal.

På ekstraordinær generalforsamling 5. mars 2018, fatta eigarane følgjande vedtak:

*Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune er, basert på politiske drøftingar og tidlegare løyvingar, innstilt på å bidra til ei realisering av Sentralbadet scenekunsthus. Val av finansieringsløysing vert fastsett ved handsaming i fylkestinget i juni 2018 og Bergen bystyre i juni 2018. Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune vil gå i nærmere dialog om saka.*

*Eigarane ber Bergen kommune gje ein oppdatert framdriftsplan for Sentralbadprosjektet så snart som mogleg, fortrinnsvis innan utgangen av mars 2018.*

Revidert framdriftsplan tek sikte på oppstart av tiltaket 3. kvartal 2018 med innflytting 3. kvartal 2022.

#### Nøkkeltal

Basert på Rambøll sin kalkyle for entreprisekostnader pr 20.04.2017, er det gjeve ei total styringsramme inkludert usikkerheitsavsetting på kr 805 millionar for ombygginga. I summen er tomtekostnad på kr 75 millionar teke med. Basisestimatet (utan sikkerheitsavsetting) er på kr 590 millionar, Staten har lagt til grunn ei øvre ramme på kr 690 millionar for si tildeling.

Basisestimat	590
Usikkerheitsavsetting (+25%)	140
<b>Tilrådd styringsramme</b>	<b>730</b>
Tomtekostnad	75
<b>Total styringsramme inkl usikkerheitsavsetting</b>	<b>805</b>
<b>Statleg løying (Frå Post 70 Nasjonale kulturybygg)</b>	<b>230 (Ein tredel avgrensa til maks 230)</b>

#### Eigarskap

Dei ulike modellane som kan vurderast er kommunal utbygging, etablering av IKS, Statsbygg eller privat utbygging.

Bergen kommune er grunn- og huseigar og må vera byggherre for tiltaket. Scenekunsthuset har våren 2018 vore tema på politisk kontaktmøte mellom Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune.

Fylkesrådmannen vil tilrå at Bergen kommune står som byggherre og framtidig eigar, og at Hordaland fylkeskommune, på same måte som Staten, gjev tilskot.

### **Finansiering frå Hordaland fylkeskommune**

Fylkesrådmannen vil rá til at Hordaland fylkeskommune sin medverknad, likeeins som det statlege, bør løyvast i form av tilskot direkte til investeringa.

Bergen kommune må ta rolla som byggherre og vidare ta ansvaret for eigarskap. Tomtekostnad kan såleis ikkje reknast med i totalkostnaden. Bygget må finansierast ved investeringstilskot, ikkje ved leigeinntekter som vil krevja auka driftstilskot til leigetakarane. Husleige for Carte Blanche og BIT Teatergarasjen må i det vidare berre bereknast på grunnlag av reelle forvaltnings-, drifts- og vedlikehaldskostnader i samsvar med institusjonane sin faktiske bruk av lokala. Dette prinsippet må og leggast til grunn for berekning av leigekostnader til eventuelle andre brukarar.

Fylkesrådmannen rår til at Hordaland fylkeskommune fordelar tilskotet over 20 år med vilkår om at bruk og føremål ikkje vert endra. Tilskotet står fast og vert ikkje justert for endringar i kroneverdi, prosjektkostnader og innhald. Tilskotet vert ikkje påverka av kostnadsutviklinga. Dette er i hovudsak det same prinsippet som er nytta i finansieringa av til dømes Grieghallen.

Framlegget tek utgangspunkt i at Bergen kommune står som eigar og byggherre, og at Hordaland fylkeskommune gjev investeringstilskot fordelt på 20 år. Tomtekostnad (kr 75 millionar) er ikkje rekna med.

Hordaland fylkeskommune legg eigardelen i Carte Blanche (15 %) til grunn.

Med utgangspunkt i det statlege grunnlaget (690 millionar) vert dette ei samla løying på kr 103,5 millionar frå Hordaland fylkeskommune.

Fylkesrådmannen vil rá til at løyinga for 2018 til lokale for Carte Blanche vert nytta til Sentralbadet scenekunsthus, og at det vidare vert løvd kr 5 millionar kvart år i åra 2019 – 2038. Dette vil gje ei samla løying (medrekna 2018) på kr 105 millionar. Løyinga vert gitt til Bergen kommune som tek ansvaret som byggherre.

### **Høve til løyinga fordelt på 20 år**

Støtteordningar generelt er utforma slik at støtte løyvast for eitt år om gongen, og fleirårig støtte, som den store hovudregel, vert løvd med etterhald om dekning i det enkelte årsbudsjett.

Tildelingar av støtte for fleire år om gangen står i eit visst spenningstilhøve til reglane om at framtidige fylkesting ikkje kan "bindast opp" til ein bestemt bruk av avsetningar, jf. kommuneloven § 46 nr. 7 r. Det kan difor argumenterast for at det går ei grense for i kva grad fylkeskommunen kan binda seg opp til å gje einsidig støtte/tilskott til bestemte føremål for fleire år frem i tid.

Fylkesrådmannen vil såleis rá til at Hordaland fylkeskommune tildelar støtte for eitt år (under føresetnad av dekning i budsjettet) med *tilsegn* om fleirårig støtte over 20 år med etterhald om at det ved budsjetthandsaminga kvart år vert sett av midlar til føremålet. Ei slik tilsegn om støtte med etterhald om dekning i det enkelte års budsjett, vil innebera at Sentralbadet scenekunsthus ikkje vil ha eit ufråvikeleg rettskrav på støtte, og at kommande fylkesting ikkje vil vera rettsleg sett bunde opp til å gje støtte. Samtidig er det klårt at ei slik tilsegn vil skape forventningar som vil gjera det politisk krevjande å avvikle støtteordninga innanfor tilsegnspersonen, særlig fordi tiltaket vert gjennomført med ei klår forventning om den fylkeskommunale støtta. Ei slik tilsegn om fleirårig støtte med budsjettetterhald vil såleis treffa ein rimeleg balanse mellom dei kryssande omsyna. Det vil reelt sett gje rimelig visse og stabilitet om løying til tiltaket, men vil samtidig rettsleg sett ikkje binda opp framtidige fylkesting dersom rammevilkåra skulle bli vesentlig endra.